

næring



Journalist
Egil H. Torvik
egil.h.torvik@r-b.no
Mobil: 909 69 027

Vinnere siste uke

Prosentvis endring	
Apptix	32,00
Hjellegerde	23,64
Hurtigruten	20,90
Int. Gold Exploration	20,83
Acta Holding	20,58

Vinnere siste 12 mnd.

Prosentvis endring	
Norwegian Air Shuttle	403,51
Algeta	363,81
Marine Harvest	289,83
Q-Free	286,21
BWG Homes	263,64

Tapere siste uke

Prosentvis endring	
Global IP Solutions	-35,29
Grieg Seafood	-21,15
Nio Security	-16,67
Norske Skogindustrier	-13,85
Norse Energy Corp TR	-13,79

Tapere siste 12 mnd.

Prosentvis endring	
Artumas Group	-99,58
Oceanteam	-97,80
Nexus Floating Product.	-94,95
American Shipping Comp.	-87,12
Eitzen Chemical	-86,76


Oslo Børs

Hovedindeks siste 6 måneder



Rente (Nibor 3 mnd)

Siste 12 måneder



Usynleg inngjerd

Søker patent på elektronisk gjerde og «gjeting»

Oscar Hovde Berntsen trur geit og sau i framtida vil beite utan fysiske gjerde – men digitalt «inngjerda». Gjerne med konseptet han søker patent på.

ANITA VINGEN
anita.vingen@r-b.no

GJEMNES: – Her er prototypen, seier Oscar Hovde Berntsen, og viser fram klaven han meiner vil gjere tradisjonelle gjerde overflødig.

Hovde Berntsen søker patent på det han kallar «Usynleg inngjerd», ein kombinasjon av GPS-teknologi og «korrigering».

Enkelt forklart kan bonden sitte ved pc-en og teikne inn beiteområdet på kartet, sette digitale gjerdestolpar, og overføre informasjonen til ein mottakar geit eller sau ber i ein klave rundt halsen. Om dyret går ut av det definerte området, vil det pipe i halsbandet. Om det ikkje går tilbake vil det få straff i form av eit straumstøyt.

– Eg har prøvd dette ut på geit i liten skala. Det fungerer veldig bra; geita rygga straks det begynte å pipe, trass i godbitar på andre sida av det usynlege gjerdet, forklarar Hovde Berntsen.

– Men er det greit å bruke straumstøyt på dyr?

– Det er snakk om svært svake støyt, langt snillare enn det dyra får ved straumgjerde. Og om systemet fungerer, skal dyra unngå støyt ved å lære å reagere på lyden, seier Berntsen.

Teknologi. Liknande løysingar finst for hund, og er også testa på storfe i land som USA og Australia.

– Dette handlar om å ta i bruk moderne teknologi, det er berre snakk om kven som er først ute, seier han. Og planlegg utprøving i større skala i samband med patentsøknaden.

Hovde Berntsen er geiteen-

tusiast, og har stor tru på utlei-ge av beitedyr til styrt beiting.

– Bønder kan auke inntektene ved utleiing av dyr som held nede vegetasjon. Attgroing er eit problem, og med tanke på å halde kulturlandskapet i hevd, vil det vere nødvendig å utvide bruken av småfe, seier han.

Ingeniøren ser for seg at patentet hans først og fremst vil fungere godt på geit, men at det også vil vere ei god løysing for villsau, og på sikt også for vangle sau.

– Gjerde ut. Han peiker på at det mange stader er dårlege gjerde, og at fornying av desse er svært ressurskrevjande.

– Alle kjenner til eitt eller anna gjerdeproblem. Det er dyrt å halde gjerde ved like, og til dels også konfliktfylt. I framtida kan ein sleppe dette, når alle har gått over til digitale gjerde, seier han.

Produkt. Hovde Berntsen har fått støtte til marknadsundersøking av Innovasjon Norge, men fekk tommelen ned for vidare støtte.

– Dei meiner marginane i norsk landbruk er for små til ei slik omlegging. Eg tenker omvendt, at dette kan vere eit verkty til nettopp å unngå at folk gir opp å halde småfe, seier han.

Berntsen søker næringsfondet i Gjernes om midlar til støtte til patentering av det usynlege gjerdet, og reknar med at patent og produkt er på plass i løpet av eit par år om det går i orden med finansiering.



Søker patent: Geiteentusiast Oscar Hovde Berntsen reknar med at det «usynlege gjerdet» vil vere patentert



Prototypen: Klave dyret skal ha rundt halsen, drive av solceller.

– Spannande




Bondelagsleiar Arne Magnus Aasen meiner bønder er flinke med å ta ny teknologi i bruk, og synest «usynleg gjerde»-løysinga høyrerest spennande.

MOLDE: – Generelt set tek landbruket raskt i bruk tilgjengeleg teknologi. Det gir meir effektive løysingar, men kan også fjerne oss

frå det tradisjonelle, seier Arne Magnus Aasen, leiar for Møre og Romsdal Bondelag.

Han kjenner ikkje konkret til konseptet som no vert søkt patentert, men synest det høyrerest spennande.

– Føresetnaden er jo at utstyret må tale tøff behandling og vere driftssikkert, og så er det alltid



Valuta

	12.11	11.11
Aus. dollar	AUD 5,22	5,18
Danske kr.	DKK 112,77	112,36
Euro	EUR 8,39	8,36
Jap. yen	JPY 6,25	6,19
Kan. dollar	CAD 5,34	5,33
Br. pund	GBP 9,30	9,26
Sveits. fr.	CHF 555,51	553,50
Sv. Kroner	SEK 81,88	81,77
US dollar	USD 5,62	5,56

<p>Euro/NOK</p> <p>▲</p> <p>+ 0,35 % (+ 0,03 NOK)</p>	<p>USD/NOK</p> <p>▲</p> <p>+ 1,07 % (+ 0,06 NOK)</p>
<p>Renten</p> <p>Kort 3 mnd</p> <p>▲</p> <p>+1,47%</p>	<p>Oslo</p> <p>Børsen i går</p> <p>▼</p> <p>-0,27%</p>

ing

Mekanisk industri på topp

2008 var ikke noe toppår for IP Huse AS, men mer enn nok inntekter til at de nok en gang står øverst på inntektslisten i Sandøy.

AGNAR GJENDEM
agnar.gjendem@r-b.no

SANDØY: Ingen kan måle seg med verkstedgiganten IP Huse, selv om de hadde ei forholdsvis beskjeden nettoinntekt på 19 millioner kroner.

Den mekaniske bedriften på Steinshavn har tradisjonelt tjente atskillig bedre de seineste åra, ofte rundt 100 millioner.

Vinsjer. Bedriften leverer blant annet verdens største ankerhåndteringsvinsjer, og har 90 prosent av verdensmarkedet. I.P. Huse er ei høyteknologibedrift med godt over 100 ansatte og de mest moderne maskiner.

Men også andre deler av verkstedindustrien tjener godt. Erling Myklebust Mek. Verksted AS står bokført med smått imponerende 12,8 millioner kroner. Både Nils S. Hansen AS og Finnøy Gear & Propeller AS hadde millioninntekter.

Fiskeri. Sandøy er også en fiskerikommune, der firma tilknyttet Rostein-rederiet gjør det godt med sin brønnbåtvirksomhet. Båtene Rohav (3,9 millioner) og Rostein (2,2 millioner) hadde et godt år.

Myklebust Trevare kom også over én million kroner i inntekt i 2008. Mens Coop Harøy BA økte formuen og står med 5,6 millioner kroner på bok.

Suksess: 2008 var et godt inntektsår for båtene og selskapene i Rosteinredet.

Bedriftsskatten i Sandøy

Firmanavn	Formue	Inntekt	Skatt
I P Huse AS0	19.002.162	5.320.605
Erling Myklebust Mek. Verksted0	12.846.671	3.977.068
Rohav AS0	3.951.229	977.061
Rostein AS0	2.226.845	623.517
Nils S. Hansen AS0	2.074.038	580.731
Finnøy Gear & Propeller AS0	1.438.516	234.384
Myklebust Trevare AS0	1.070.418	299.717
Rofstgruppen AS0	582.480	163.094
Kazan0	579.013	162.124
Bil Og Handel AS0	538.556	150.796
Terje Myklebust AS0	500.216	140.060
Torino Invest AS0	430.811	120.627
Solveig Risbakk AS0	329.359	92.221
Karl Otto Risbakk AS0	305.630	85.576
As Nils N Finnøy Motorfabrik0	283.810	79.467
Sandøy Transport AS0	208.881	58.487
Sandøy Energi AS0	117.016	32.764
Hargy Kro AS0	99.041	27.731
Steinshavn Maritime Service AS0	95.662	26.785
Steinshavn Invest AS0	70.943	19.864



Lave inntekter i Gjemnes

Det er bare Åndal Lavpris AS som har inntekt over én million kroner blant bedriftene i Gjemnes.

AGNAR GJENDEM
agnar.gjendem@r-b.no

GJEMNES: Gjemnes er en næringssvak kommune, uten de store bedriftene med høye inntekter. Åndal Lavpris, som er driftsselskapet bak Bunnpris Batnfjord, hadde i fjor ei inntekt på 1,1 millioner kroner.

I disse dager pågår ei utbygging av butikken som får en prislapp på seks-sju millioner kroner. Butikkbygget utvides med 400 kvadratmeter. Selve butikken vil bli cirka 300 kvadratmeter.

Drar ut. Gjemnes har slitt med å få etablert større hjørnesteinsbedrifter. Gunstig beliggenhet og få arbeidsplasser gjør at de havner på pendlertoppen i regionen.

Kun 13 bedrifter kan vise til ei inntekt på over 100.000 kroner i Gjemnes, som er en av fylkets største



Utbygging: Bunnpris-eierne utvider, Mari Lågeide gleder seg til nye lokaler. **FOTO: EIRIK HEEN**

Bedriftsskatten i Gjemnes

Firmanavn	Formue	Inntekt	Skatt
Åndal Lavpris AS0	1.105.877	309.646
K. M. H. AS0	242.682	88.336
Gjemnes Eiendom AS0	192.642	54.325
Angvik Næringsbygg AS0	181.168	65.945
Magnhild Skavnes AS0	151.552	42.435
Gjemnes Tong AS0	116.983	32.755
Berg-Romuld Maskin0	105.000	38.220
Øre Viltmottak Og Eigeidom Ba0	69.000	25.116
Rolf Tage GjØden AS0	58.457	16.953
Nordvest Kommunikasjon Nor AS0	51.387	14.388
Torvikbukkt Skule Ba0	50.000	18.200
Hjorten Gjestestue Limited0	50.000	18.200
Td Partner Inc0	40.000	14.560
Øre Handelshus Al545.000	15.000	7.547




og tilgjengeleg i løpet av eit par år. **ALLE FOTO: KJELL LANGMYREN**

Løysing

spørsmålet om pris. det vil alltid vere avgjerande – innteninga må vere større enn kostnaden, seier Aasen.

Han erkjenner at gjerde i tradisjonell forstand er ei stadig større utfordring, sidan dei som sluttar med husdyr også gjerne reserverer seg i høve til å sjå dette som eit fellesansvar.

I denne samanhengen vil teknologiske løysingar vere ekstra interessante, seier Aasen.



Leiar i Møre og Romsdal bondelag, Arne Magnus Aasen.